



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 13.01.2017
Vår ref.: 2016/12430
Arkivnr.: 612

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høringsfråsegn - Forskrift for barnehagen sitt innhald og oppgaver

Vi viser til høringsbrev datert 20.10.2016 frå Kunnskapsdepartementet med høringsnotat om forslag til ny forskrift om rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgaver.

Framlegget fører vidare den norske barnehagetradisjonen og byggjer på det verdigrunnlaget barnehagelova gir om formål og innhald i barnehagen, og Fylkesmannen i Rogaland støttar dette. Vi ser positivt på at forslaget til ny rammeplan framleis held fram barndommen sin eigenverdi og barn sine behov for omsorg, leik, læring og danning. Etter vårt syn vil dette forslaget gi godt grunnlag for tydelege minimumskrav for barnehagen sitt innhald og samstundes gi barnehagane det handlingsrommet som er ønskjeleg for å kunne ha eit variert og mangfaldig barnehagetilbod.

Vi meiner det er viktig å gi ambisiøse forventningar og krav til barnehagen på barna sine vegne. Fylkesmannen i Rogaland vil likevel peike på at kompetansesituasjonen i barnehagesektoren ikkje på langt nær er god nok til å møte desse forventningane på forsvarleg vis. Det er for få barnehagelærarar i barnehagen, og vi nyttar høvet til igjen å markere at kompetansekrava må skjerpast. Fleire av områda som rammeplanen peikar på at personalet skal gjere, er område som det pedagogiske personalet må ha ansvaret for. Vi viser m.a. til siste kulepunkt under *Barnehagens arbeidsmåter: personalet skal jevnlig vurdere om valg av arbeidsmåter bidrar til å realisere intensjonene i rammeplanen*. Det er barnehagelærarane som har den faglege kompetansen til å vurdere dette. Vi viser også til merknadene våre nedanfor til kapittel 6 om ansvar og roller.

Fylkesmannen i Rogaland har elles følgjande merknader til framlegget:

Til kapittel 1 – Barnehagen sitt verdigrunnlag

FN sin barnekonvensjon er nemnt i kapittelet om barn sin medverknad. Vi meiner Barnekonvensjonen også bør synleggjerast i kap 1 om barnehagen sitt verdigrunnlag.

Til kapittel 4 – Barnehagen sine arbeidsmåtar

I innleiinga til kapittelet blir det vist til at arbeidsmåtane i barnehagen skal vere varierte og ivareta barna sine behov for omsorg og leik, fremje læring og danning og gi barn høve til medverknad. Vi forstår heile dette kapittelet som førande for neste kapittel om barnehagen sine fagområde.

Fylkesmannen i Rogaland meiner at arbeidsmåtar og organisering må skisserast enno breiare og tydelegare, der barna sine behov for struktur, stabilitet, tryggleik, tilhøyr og ein føreseieleg barnehagedag blir ivaretatt. Dette er særleg viktig for dei minste barna og for barn med særlege behov.

Til kapittel 5 – Barnehagen sine fagområde

Etikk, religion og filosofi

I kapittelet si innleiing er det vist til at barna skal få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn og erfaringar med at kulturelle uttrykk har eigenverdi.

Kulepunktta skisserer vidare kva barn i barnehagen skal få kjennskap til. Vi stiller spørsmål ved om første delen i første kulepunktet om at *barnehagen skal bidra til at barna blir kjent med kristen tro og kulturarv* er i tråd med formålsparagrafen i barnehagelova.

I gjeldande rammeplan er det omtalt at kristen tru og tradisjon saman med humanistiske verdiar gjennom mange hundreår har prega norsk og europeisk kultur. Verken i formålsparagrafen eller i gjeldande rammeplan er det nemnt at barnehagen skal bidra til at barn blir kjent med kristen tru. Vi meiner at dette kulepunktet må endrast slik at det er i samsvar med formuleringa i formålsparagrafen.

Kommunikasjon, språk og tekst

Fylkesmannen i Rogaland vil peike på at rammeplanen må synleggjere bruken av nynorsk som målform i barnehagen. Vi støttar høyringsfråsegna frå Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, der det blir peika på at formuleringar som sikrar dei språklege rettane for barn i nynorskområde, kan leggjast inn i fleire avsnitt. Fylkesmannen støttar senteret sine forslag til formuleringar. Vi meiner også det er sjølvsgatt at rammeplanen må finnast i begge målformer.

Til kapittel 6 - Ansvar og roller

Etter Fylkesmannen i Rogaland sitt syn gir ikkje høyringsforslaget i tilstrekkeleg grad ei avklaring av ansvar og roller mellom barnehagen sin eigar og det pedagogiske personalet, styrar/barnehagelærar.

Etter vår vurdering bør rammeplanen presisere ansvarsfordelinga meir tydeleg: barnehageeigar har ansvaret for at barnehagen har eit kompetent personale og for kompetanseutvikling for sine tilsette, men styraren har det pedagogiske ansvaret. Formuleringa om at *det forutsettes derfor at barnehageeieren vektlegger de ansattes faglige og pedagogiske vurderinger i sin styring* må såleis endrast. I forslaget heiter det at styrar leier det daglege arbeidet i barnehagen, både det pedagogiske, personalmessige og administrative. Etter vår vurdering må det faglege og pedagogiske ansvaret liggje hos styrar, og dette må presiserast i planen. Vi viser i denne samanhengen til Stortinget si behandling av Meld St nr 28, der Stortinget bad regjeringa sikre at det er lærarane sitt ansvar og faglege skjønn som skal avgjere metodar og verkemiddel som skal brukast i undervisninga for å nå kompetansemål og oppfylle skolen sitt generelle samfunnsmandat. Ei liknande forståing må også gjelde for det ansvaret det pedagogiske personalet i barnehagen har.

Vi meiner vidare at rammeplanen må bruke omgrepet barnehagelærar - dette er utdanningskravet og den profesjonelle tittelen, omgrepet pedagogisk leiar er ein stillingskode i ein tariffavtale. Vi legg til grunn at den såkalla pedagognorma blir skjerpa med det første, og då vil neppe alle barnehagelærarar i ein barnehage vere pedagogiske leiarar.

Behov for rettleiingsmateriell

Fylkesmannen i Rogaland meiner at det er eit særleg behov for rettleiingsmateriell på desse områda:

Digital praksis

Digital dømmekraft og personalet sin rolle i vurdering av innhald og bruk av digitale verktøy.

Deling av personopplysningar

Rettleiaren bør informere om reglar for barnehagepersonalet sin praksis når det gjeld deling av personopplysningar og krav til samtykke frå foreldre. Dette er særleg aktuelt i samband med tverrfagleg samarbeid og tidlig innsats. Rettleiaren må definere kva som er personopplysningar, korleis anonymitet skal ivaretakast og når er det krav til samtykke.

Etter vår vurdering bør Datatilsynet ha ei rolle i utarbeiding av rettleiar på dette området.

Barn med særlege behov og barn med nedsett funksjonsevne

Rettleiaren bør klargjere forholdet mellom kommunen sitt ansvar etter ny § 19 g i barnehagelova og barnehagen sitt eige ansvar for barn med særlege behov og/eller nedsett funksjonsevne. Rettleiaren må gi ei avklaring på kor langt barnehagen sitt ansvar går.

Barn med minoritetsspråkleg bakgrunn

Det er behov for ein rettleiar om kommunen sitt ansvar for barn med minoritetsspråkleg bakgrunn. Barn sine behov og rettar er ikkje direkte regulerte i lova på dette området, men skal ivaretakast innanfor rammene av spesialpedagogisk hjelp. Vi erfarer at kommunane har til dels svært ulik praksis her, og det er derfor nødvendig å tydeleggjere korleis kommunane sitt ansvar er for desse barna. Vi vil halde fram at det ville vere mest tenleg å regulere dette direkte i barnehagelova.

Med helsing

Sølvi Ona Gjøl
utdanningsdirektør

Liv Svendal
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Liv Svendal
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 43
E-post: fmrolsv@fylkesmannen.no